

Markeringar mot Gazakrigen

8. juli innleia Israel ein ny storoffensiv mot Gazastripa, ein offensiv som vara i 51 dagar. Resultatet var enorme øydeleggingar og over 2000 drepne. I samarbeid med Norsk Folkehjelp Solidaritetsungdom, Palestinaforeningen og Boikott Israel-kampanjen arrangerte vi seks demonstrasjonar i løpet av krigen.



Frå ein av demonstrasjonane mot Israel si krigføring i Gaza

Oppmøtet var jamt over eit par hundre på alle arrangementa. Størst var demonstrasjonen på den nasjonale markeringsdagen 23. juli med om lag 500 oppmøtte. Blant appellantane var tidlegare leiar i Palestinakomiteen Line Khateeb, Palestinaambassadør i

Fagforbundet Veronika Sandanger, gateprest Kari Veiteberg og leiar i Ship to Gaza Torstein Dahle. Vi var dessutan heldige som fekk musikkinnslag frå Marthe Valle og diktlesing frå skodespelar Helge Jordal på fleire av markeringane.

Ettersom krigen pågjekk i fellesferien, måtte demonstrasjonane organiserast på kort varsel og med færre ressursar enn vanleg. Palestinakomiteen vil nytte anledninga til å rette ei stor takk til alle medlemmar og støttespelarar som hjalp til med organiseringa eller som møtte opp.

Solidaritetskonsert for Gaza

28. august vart det arrangert solidaritetskonsert i Korskirken der inntektene gjekk til proteseverkstaden i Gaza. Hanne Heslein-Lossius og Marthe Valle hadde tatt initiativ til arrangementet som fekk økonomisk støtte frå Palestinakomiteen. Arrangørane var svært glade for at 600 møtte opp på støttearrangementet som enda opp med å samle inn heile 80 000.

1. mai i solidaritet med Palestina



Frå 1.mai toget. Boikottparola vil vere viktig i tida som kjem

På 1. mai arrangerte Palestinakomiteen sin årlige frukost i samarbeid med Palestinaforeningen der sistnemnte som vanleg står for det kanskje viktigaste bidraget: palestinsk mat. Songkoret Lyderhorn kom også i år på besøk og laga ei god stemning med palestinske og internasjonale solidaritetssongar. I år kom det 112 betalande på frukosten, noko som vi trur er ny rekord. Palestinakomiteen deltok så på torgmøtet på Vågsallmenningen der vår nestleiar Ida Smedstad heldt appell. Deretter gjekk vi i LO-toget med det som vart den desidert største seksjonen i toget med parola «Boikott Israel – Fritt Palestina».

Palestinakomiteen har arrangert fleire opne møte siste året. Det følgjande er omtale av nokre av dei...

Aktivisten fra Gaza


Majed Abusalama er en menneskerettighetsaktivist og journalist fra Gaza. I Bergen, hadde han møter med en rekke organisasjoner og et åpent møte på Egget, Studentsenteret. Her fikk de fremmøtte høre mange sterke historier fra hans arbeid som frivillig ambulansarbeider i Gaza og fra situasjonen i Jabalialeiren som han kommer fra.



En palestinar på restene av en bygning etter et israelsk angrep, Jabalia camp

Majed viste oss en virkelighet som er meget fjern fra vår, men han fortalte også om et folk som viser styrke i vanskelig tider, og som bruker de ressursene de har for motstå okkupasjonen og blkkaden av Gaza.

Mads Gilbert



14. mai samlet nesten 100 mennesker seg i Egget på Studentsenteret for å høre Mads Gilbert.

Gilbert snakket om solidaritet og om å få dokumentert Israels brudd på internasjonale lover. Gilbert fortalte også fra en rundreise i USA, der han møtte medlemmer for organisasjonen Sabeel, et økumenisk kirkesamfunn som arbeider for Palestinernes rettigheter. Han dro paralleller til den Norske kirken, og oppfordret til et nærmere samarbeid mellom solidaritetsbevegelsen og kirken i Norge. Et godt utgangspunkt er Kairos- dokumentet «et øyeblikks sannhet» skrevet av kirkeledere i Palestina.

Til slutt oppfordret Gilbert oss til å gjøre enda mer, være enda tydeligere i våre aksjoner og sammen jobbe for en enda bredere bevegelse som kjemper for et fritt Palestina.

Generalens sønn

Miko Peled er en israelsk forfatter og aktivist. Han er sønn av en general i den Israelske hæren, og barnebarn av en av de som signerte Israels uavhengighetserklæring. Etter at hans niese ble drept av en selvmordsbomber, ønsket han å finne mer ut av hva som drev palestinerne, og begynte å dra inn på Vestbredden for undersøke. Siden den gang har Miko Peled kjempet imot sionismen, og for palestinerne rettigheter.

Miko Peled var forbilledlig tydelig når han snakket om Israels behandling av det palestinske folket, og hvilke løsninger han ser. «Den som tror at en tostatsløsning fortsatt er mulig, er enten full eller ekstremt naiv» sa Peled. Løsningen er en stat, med like rettigheter for alle, mente Peled.

Miko Peled har skrevet boken «Generalens sønn» som forteller om hans og hans families historie.




Miko Peled, "generalens sønn"

Møt palestinsk aktivist

I løpet av november vil vi ha eit ope møte med Ayed Murrar, ein palestinsk aktivist som og er kjend frå dokumentarfilmen Budrus. Tid og stad kjem vi tilbake til via epost og FB

Murrar har mellom anna vore aktiv i motstanden mot muren i landsbyen han kjem frå, ein kamp som resulterte i at traseen for muren vart flytta.

Han vektlegg at motstanden mot okkupasjonen må kome frå grasrota, og involvere alle. Organisasjonen skal vere uavhengig av politiske parti. Han er også svært engasjert i boikottarbeidet.



Filmen Budrus har fått stor internasjonal merksemd, og Ayed Murrar har mellom anna motteke ein pris under BIFF for innsatsen sin.

Interessert i arabisk mat?

Følg med på epostlista palkombergen eller på FB-sida vår. Kanskje skjer det noko før jul.

Økonomi

Vi har ein solid økonomi. Like vel ber vi om gåver, via vedlagt giro. Mellom slikt vi kan tenkje oss å bruke pengar på er stipend *for unge som vil delta på studietur til Palestina*. Arbeider med å lage retningslinjer for dette er i gang.

På giroen står når vi sist har registrert kontingentbetaling frå deg (talet 1 indikerer at du har sagt deg interessert, men ikkje betalt). Vi håpar alle som ikkje har betalt for 2014 framleis ønskjer å vere medlem. Kontingenten er 500 kr for vanleg medlemskap, 250 kr for skuleelevar og studentar. Kontonummer 0539 32 08831

Kontaktinfo

Palestinakomiteen i Bergen kan kontaktast v/leiar Morten Heszlein-Lossius 99 15 08 13 heszlein@gmail.com eller bergen@palestinakomiteen.no